

## Referat frå OD-møte IX 2017/2018

### Til stades:

Olav S. Myklebust NLL

Kristian Ingebrigtsen UDF

Jan Terje Eidset, ass. rektor

Trond Hjelseth rektor

### Drøftingssak:

#### Sak 14 – 2017/2018 Arbeidet med kompetanseplan 2018-2020 og stillingsplan for neste skuleår

Rektor gjorde greie for stoda når det gjeld søkinga, sannsynlege pensjoneringar, kjende permisjonssøknader og konsekvensane av flytting av SA og omlegginga og ressurstildelinga på MK. Det er gledelig å sjå at utdanningsprogrammet KDA vil kunne starte opp.

Alt tyder på at det kan bli vanskeleg å sysselsetje alle fullt ut i tråd med eigne fagønske. Leiinga vil prioritere søkjarar til kompetanse for kvalitet slik at det både styrkar skulen sine behov for kompetanse, i tillegg til at det kan avlaste i høve dei utfordringane vi ser med å halde alle i arbeid. Leiinga voner i det lengste å hindre overtal. Føringer som byggjer opp om desse prioriteringane er lagt inn i revidert kompetanseplan, som både leiinga og dei tillitsvalde sluttar seg til.

Stillingsplanarbeidet vil vere tema på OD-møte fortløpande utover våren.

Under eventuelt kom det to spørsmål frå NLL:

- Fylkeskommunale fagdagar. Kompensasjonsordning for ev medgått tid utover 7,5 timar.
- Arbeidsplanfesta tid. Kan arbeidstakar krevje at arbeidsplanfesta tid rammar inn td 15 min. før skuletimane startar?

Både UDF og NLL ønsker at arbeidsplanfesta tid skal kunne omfatte noko tid også før undervisingstimar startar.

Rektor undersøker nærare, vurderer dette og gir svar seinast på neste OD-møte.

Volda 27.2.2018

  
Trond Hjelseth


Rektor

  
Jan Terje Eidset

Ass. rektor

  
Olav Myklebust

Norsk lektorlag

  
Kristian Ingebrigtsen

Utdanningsforbundet